

## PTH – overgang frå serum til EDTA-plasma m/gel

Vi endrar prøvematerialet for PTH frå serum til EDTA-plasma då PTH er meir stabilt i dette materialet.

- Ved bruk av EDTA-rør med gel:
  - Sentrifuger innan to timar.
  - Treng ikkje avpipettere plasmaet.
- Ved bruk av EDTA-rør utan gel:
  - Sentrifuger innan to timar.
  - Avpipetter og send plasmaet i plastglas. Merk det med EDTA-plasma.
- Prøva kan sendast til laboratoriet med vanleg forsendelse utan frysing fordi PTH i EDTA-plasma er haldbar to døgn i romtemperatur og tre døgn i kjøleskap.

## Homocystein kan no takast på EDTA-rør m/gel

Då Homocystein er svært følsamt for kontakt med blodlegeme må prøva

- Sentrifugerast så raskt som råd etter prøvetaking , innan ½ time.
- Gelen vere fri for blodlegeme.
- Plasmaet ikkje vere hemolysert.
- Vi tek sjølvstøtt fortsatt mot avpipettert EDTA-plasma dersom de ikkje har tilgang på EDTA-rør med gel eller gelen er tydeleg blodtilblanda.

EDTA-rør m/gel, varenummer 4012114 kan bestillast **gratis** på same nettside som anna prøvetakingsutstyr vert bestilt.

Med hilsen

Lutz Schwettmann  
Laboratoriespesialist  
Avdeling for medisinsk biokjemi

Brit Valaas Viddal  
Avdelingssjef  
Avdeling for medisinsk biokjemi